

# Årsmelding for Hundvingrend Indremisjon 2015


---

Tema for både vår og haust i 2015 var "Meir himmel på jord". Mange talar og bibeltimar har vi fått høyra over dette tema, som viste seg å vera stort og utømmende. Jesus sa fleire gonger: Guds rike er kome nær! Og han sa: Guds rike er inni dykk! Det er godt å vera borgar i Guds rike, av Himmelen, medan ein er her på jord. Det er godt å kjenna at ein har fellesskap med Jesus og med hans venner. Men av og til kjenner ein det ikkje slik. Då er det viktig å halda fast på; at uansett korleis du føler det og har det, så er du ein Himmelborgar når du har sagt ja til Jesus. Han veit om deg og kjenner deg, ja du har namnet ditt skrive i Livsens bok. Du er lys i verda, for det er Hans himmellys du speglar.

I år har me allereie starta med eit nytt tema: Kristen i kvardagen. Fleire spennande temakveldar er i vente.

## Styret i 2015 har vore slik:

Leiar: Jostein Hauge  
Nestleiar: Solveig Serigstad Hauge  
Kasserar: Kaare Gaulen  
Skrivar: Brita Bogevik  
Styremedlem: Anny Refsdal  
1.vara: Inger Anne Andersen  
2.vara: Hege Jektvik



## Husstyre:

Åslaug Hauge  
Magnus Nilsen  
Geir Ove Solsvik

I tillegg til desse har Bjarte Brundtland hatt ansvaret for varme i huset, og Andreas Bogevik har hatt ansvar for snøbrøyting.

## Basarnemd:

Britt Torsvik  
Elfrid Gaulen  
Gunhild Sætre  
Anita Gjerstad  
Eli Solsvik  
Camilla Storsæter

## Revisorar:

Rune Brundtland  
Anita Gjerstad

## Valnemd:

Solveig Serigstad Hauge  
Anita Gjerstad

Kaare Gaulen og Anita Gjerstad var også i år utsendingar til årsmøtet i Nordhordland Indremisjon.

Styret har i 2015 vore samla 5 gonger, og 1 gong i 2016. vi har behandla 30 saker.

Tidlegare har vi hatt eit formelt samarbeid med naboforsamlingane. Det siste samarbeidsprosjektet var møteveka med Marit Stokken og Arne Pareli i august. Det er no ikkje noko formelt samarbeid i den opphavlege gruppa. Vi har likevel hatt eit visst samarbeid med Lindås, ang bibeltimar og kunngjering av programmet på bedehusa. I haust var Lindås sitt program kopiert opp på baksida av vårt program. Det har vi også gjort no i vår.

Vi hadde medlemsmøter i mars, i oktober og no i februar. Det har vore bra frammøtte på desse, og vi har fått snakka om viktige saker.

**Temakveldar/Bibeltimar:** På vårprogrammet hadde vi i alt 4 temakveldar med temaet "Meir himmel på jord". På desse kveldane hadde vi talarar frå Nordhordland Indremisjon. Vi åt kveldsmat i lag, samtala og ba gjerne i grupper.

I haust hadde vi, i samarbeid med Lindås og Myking, bibeltimar med Per Børge Hillestad. Han underviste frå Johannes openberring. Det var spennande og sjeldan god undervisning. I alt 3 kveldar hadde vi doble bibeltimar her hos oss, ein kveld på Myking i januar-16, og ein kveld på Lindås i feb.-16. Bibeltimane fortset på Lindås utover våren.

**Storsamlingar:** Fem Storsamlingar hadde vi i 2015, pluss ei adventsamling i desember. I år har vi hatt 2 Storsamlingar så langt. Det er Jostein og Anne Karin Hauge og Solveig Serigstad Hauge som har vore stått for programmet på desse samlingane, andre har stått for det praktiske med måltid etter samlinga. Under talen har det vore eige opplegg for borna i kjellaren.

**Nattkafé:** Hege Jektvik har gjeve oss desse opplysningane: " *På nattkafeen kommer det ca 20 hver gang, ser noen nye fjes hver gang, og det er kjekt. Vi er 3 ledere, Hege Jektvik, Øyvind Hauge og Geir-Ove Solsvik. Geir Jektvik er med på kjøkkenet. Innimellom er Hilde Jordal, Ann Kristin Kaland og Torill Steinsund også med. Alderen er fra 7. klasse, de fleste er fra 10.klasse og oppover, noen få fra 7, 8 og 9 klasse. Andaktsholdere kommer stort sett utenifra. Nattkafféen er et sted å treffe venner, spille brettspill og ballspill, andakt og salg av varm mat og kiosk.*"

**Tweens:** Kari Bruntland er hovedleiar, og har gjeve denne rapporten: " *Det pleier å vere mellom 15 og 20 som møter opp, 4. - 7. klasse. Vi har leikar, andakt og ulike måtar å samle inn nokre kroner til barnheimen i Ukraina (THK) - amerikansk auksjon. utlodding o.l. Vi har og ein "kiosk" som er open heile tida ens dei er der. Kjartan Refsdal er vaksenleiar saman med meg, men vi er og så heldige å ha med Lillian Halland, Mareike Springer og AmalieRefsdal. Dei er der så sant dei kan møte. Dei er ei fantastisk og nødvendig støtte! Amalie har hatt fleire andaktar, men vi har og hatt besøk frå Nordhordland Indremisjon og andre som har sagt ja når vi har spurt. De er ein flott gjeng å vere saman med, både leiarane og deltakarane.*"

**Laurdagstimen:** Hovedleiar på Laurdagstimen er Anita Gjerstad. Ho har sendt oss dette: " *I 2015 hadde me 60 betalande born på Laurdagstimen, noko som er ny rekord! Alder: 0-19 år. Me delte dei slik: 0-2 år på loftet, 3 år tom 1.klasse i storesalen, 2.-4.klasse nede, og 5.klasse og oppover på grupperom. Borna er jevnt fordelt i alle gruppene. Leiarar; Åslaug Hauge, Kari Bruntland, Inger Anne Andersen, Elfrid Gaulen, Solveig Hauge, Anne Karin Hauge, Marianne Fylkesnes, Lena Pedersen, Mathilde Bogevik og Anita Gjerstad. (I tillegg var*

*Elin Gaulen og Merete Fjellsbø med som hjelpeleiarar et par gonger på aktivitetane.) Me som er med som leiarar på Laurdagstimen er veldig takknemlig for den muligheita me får til å nå ut til så mange born, og også foreldra og besteforeldra deira.*

*I 2015 hadde me 13 Laurdagstimar totalt (7 på våren og 6 om hausten). I tillegg hadde me ein inspirasjonskveld for leiarane i haust.*

Det har vore ein Israelskveld. Kaare Gaulen er kontaktperson for Israelsmisjonen.

Norsk Luthersk Misjons samband hadde eit søndagsmøte i haust, og to møter i januar i år.

Tradisjonen tru hadde me nattverdsmøte på skjærtorsdag. Dette året var Helge Kjeilegavlen med.

**Forsamlingstur:** I august var det forsamlingstur til Fjon. Anne Karin Hauge har gjeve oss dette referatet: *"Helga 28-30 august reiste ein god gjeng frå bedehuset på tur til Fjon fjellkyrkje. På turen hadde me med oss Silje Elin Minde, som var nyansatt barnekonsulent i Nordhordland indremisjon. Me koste oss med god kvelds og Silje Elin hadde ord for kvelden. Lørdag kom Asle Hetlebakke og hadde gode bibeltimar for dei vaksne medan Silje Elin hadde for borna. Ei av barnesamlingane var ute, der me fyrte i bålpanna, grilla marshmallows, klatra og leika. Me hadde og lagt opp til fritid, der ein spelte spel, ungane leika, eller ein hadde det sosialt. Været skulle helst vore litt finare, men me var likevel ute og gjekk på tur, og nokon fekk til og med fisk i løpet av helga. På ettermiddagen var det stor suksess med ansiktsmaling av både små og store. På kvelden hadde me morrokveld med leikar og konkuransar, før Silje hadde ord for kvelden. Søndag hadde me fellessamling for heile familien. Me hadde ei kjekk helg med mykje lått og løye, god mat og med godt åndeleg innhald."*

To veker etter turen hadde vi samlingsfest der Asle Hetlebakke og Silje Elin Minde også var med.

Det er bønemøte på bedehuset kvar mandagskveld når det ikkje er Fellesbønemøte med våre naboforsamlingar. Fellesbønemøte er det ein gong i månaden, og ein gong i sesongen her hos oss. Sjølv om det ikkje alltid møter så mange på bønemøta, er det fleire som kjem trufast veke etter veke. Å be saman med andre, å be for alt det andre arbeidet som er i forsamlinga, for bygda og folket, er noko av det viktigaste arbeidet som er. Det fører velsignelse over oss alle.

Også dette året har vi hatt grillbasar på plassen utanfor Bedehuset, og denne gongen var vi også velsigna med fint ver! Grillbasaren samlar mykje folk i alle aldrar, og det er tydeleg at dei som kjem kosar seg godt.

Fyrst i juni laga vi til sommarfest for alle medarbeidarar. Tradisjonen tru vart jonsok feira ved Gaulevatnet.

**Dugnad:** vi har hatt dei tradisjonelle dugnadane både inne og ute på huset og plassen. Det er kjøpt inn utstyr til ventilasjon på kjøkkenet, men det er ikkje montert ennå. Oppe i salen er det montert lydanlegg, lerret og prosjektor.

Sist årsmøte bad om at styret saman med husstyret skulle drøfta om vi skulle pussa opp gangen nede hausten 2015, eller om vi skulle utsetja det. Dette har vi ennå ikkje drøfta.

**Nabolunch** er eit noko nytt vi starta opp med i haust. Den fyrste måndagen i månaden møtes vi til felles lunch og god prat på Bedehuset. Dette er ei ganske uformell samling. Det er mange som kjem,

**Budsjett 2016: Hundvingrend Indremisjon***Godkjent av Formann 03.03.16*  
-Utkast 14.01

	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Rekneskap 2015</b>
<b>Inntekter</b>			
Medlemspengar	3 000	3 000	2 500
Basar	32 000	30 000	33 555
Gjevarteneste	70 000	75 000	62 135
Kollektar	10 000	10 000	9 506
Festar og tilstelningar	5 000	10 000	4 904
Andre inntekter	40 000	30 000	54 753
Husleige	10 000	12 000	7 100
Sum inntekter	170 000	170 000	174 453
<b>Utgifter</b>			
Driftsutgifter	40 000	40 000	35 210
Straum	25 000	26 000	22 414
Andre utgifter	7 000	4 000	6 584
Vedlikehald	20 000	40 000	18 210
Fast gåve til NI	45 000	40 000	40 000
Gåver/kollektar	15 000	15 000	16 306
Forsikringspremie	12 000	12 000	12 019
Sum utgifter	164 000	177 000	150 743
<b>Driftsresultat før avskrivningar</b>	<b>6 000</b>	<b>- 7 000</b>	<b>23 710</b>
<b>Investeringar ?</b>			

**Resultat**

Dato: 13.01.2016

Side: 1

Periode: 1 - 12

Regnskapsår: 2015

Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
<b>Driftsresultat</b>				
<b>Driftsinntekter</b>				
<b>Salgsinntekter</b>				
3000	Medlemspenger	-2 500,00	-3 000,00	500,00
3010	Basar	-33 555,00	-30 000,00	-3 555,00
3015	Gjevarteneste	-62 135,38	-75 000,00	12 864,62
3100	Kollektar	-9 506,00	-10 000,00	494,00
3120	Festar og tilstelningar	-4 903,82	-10 000,00	5 096,18
3210	Andre inntekter	-54 752,93	-30 000,00	-24 752,93
	<b>SUM Salgsinntekter</b>	<b>-167 353,13</b>	<b>-158 000,00</b>	<b>-9 353,13</b>
<b>Andre inntekter</b>				
3600	Husleigeinntekter	-7 100,00	-12 000,00	4 900,00
	<b>SUM Andre inntekter</b>	<b>-7 100,00</b>	<b>-12 000,00</b>	<b>4 900,00</b>
	<b>SUM Driftsinntekter</b>	<b>-174 453,13</b>	<b>-170 000,00</b>	<b>-4 453,13</b>
<b>Driftskostnader</b>				
<b>Varekostnad</b>				
4000	Driftsutgifter	35 209,86	40 000,00	-4 790,14
	<b>SUM Varekostnad</b>	<b>35 209,86</b>	<b>40 000,00</b>	<b>-4 790,14</b>
<b>Andre driftskostnader</b>				
6015	Avskrivning på inventar	20 000,00	0,00	20 000,00
6200	Straum	22 413,94	26 000,00	-3 586,06
6550	Andre utgifter	6 584,26	4 000,00	2 584,26
7020	Vedlikehald	18 209,81	40 000,00	-21 790,19
7420	Fast gåve til NI	40 000,00	40 000,00	0,00
7440	Gåver/kollektar	16 306,00	15 000,00	1 306,00
7500	Forsikringspremie	12 019,00	12 000,00	19,00
	<b>SUM Andre driftskostnader</b>	<b>135 533,01</b>	<b>137 000,00</b>	<b>-1 466,99</b>
	<b>SUM Driftskostnader</b>	<b>170 742,87</b>	<b>177 000,00</b>	<b>-6 257,13</b>
	<b>SUM Driftsresultat</b>	<b>-3 710,26</b>	<b>7 000,00</b>	<b>-10 710,26</b>

**Finansinntekt og -kostnad**

<b>Finansinntekter</b>				
<b>Renteinntekter</b>				
8050	Renteinntekt	-914,00	0,00	-914,00
	<b>SUM Renteinntekter</b>	<b>-914,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-914,00</b>
	<b>SUM Finansinntekter</b>	<b>-914,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-914,00</b>
<b>Finankostnader</b>				
<b>Rente kostnader</b>				
8150	Bankgebyr	273,63	0,00	273,63
	<b>SUM Rente kostnader</b>	<b>273,63</b>	<b>0,00</b>	<b>273,63</b>
	<b>SUM Finankostnader</b>	<b>273,63</b>	<b>0,00</b>	<b>273,63</b>
	<b>SUM Finansinntekt og -kostnad</b>	<b>-640,37</b>	<b>0,00</b>	<b>-640,37</b>

**Resultat**

Periode: 1 - 12

Regnskapsår: 2015

Konto	Tekst	Reelt i periode	Budsjett i periode	Avvik i perioden
	Årsresultat	-4 350,63	7 000,00	-11 350,63
	Avsetninger	0,00	0,00	0,00
	Årsresultat etter avsetninger	-4 350,63	7 000,00	-11 350,63

**Balanse**

Dato: 13.01.2016

Periode: 1- 12  
Regnskapsår: 2015

Side: 1

Konto	Tekst	Inngående balanse	Reelt i periode	Utgående balanse
<b>Eiendeler</b>				
<b><u>Anleggsmidler</u></b>				
Varige driftsmidler				
1100	Bygninger	430 000,00	0,00	430 000,00
1250	Inventar	63 000,00	-6 225,00	56 775,00
SUM Varige driftsmidler		493 000,00	-6 225,00	486 775,00
SUM Anleggsmidler		493 000,00	-6 225,00	486 775,00
<b><u>Omløpsmidler</u></b>				
Investeringer				
1820	Andre aksjer	2 000,00	0,00	2 000,00
SUM Investeringer		2 000,00	0,00	2 000,00
Bankinnskudd, kontanter o.l.				
1920	Bankinnskudd	121 316,36	10 575,63	131 891,99
SUM Bankinnskudd, kontanter o.l.		121 316,36	10 575,63	131 891,99
SUM Omløpsmidler		123 316,36	10 575,63	133 891,99
SUM Eiendeler		616 316,36	4 350,63	620 666,99
<b>Egenkapital og gjeld</b>				
<b><u>Egenkapital</u></b>				
Over-/underskudd				
8800	Udisponert årsresultat (overskudd)	0,00	-4 350,63	-4 350,63
SUM Over-/underskudd		0,00	-4 350,63	-4 350,63
Innskutt egenkapital				
2000	Egenkapital, bundet	-616 316,36	0,00	-616 316,36
SUM Innskutt egenkapital		-616 316,36	0,00	-616 316,36
SUM Egenkapital		-616 316,36	-4 350,63	-620 666,99
SUM Egenkapital og gjeld		-616 316,36	-4 350,63	-620 666,99

3/3-16

Revidert og funnen rett.

Anita Gerstad

gjerne også folk som elles ikkje kjem til møte. Vi legg vekt på den gode samtalen, det sosiale, og det å skapa kontakt.

Til slutt vil vi i styret takka alle medarbeidarar og forbedarar. Vi gler oss over all god vilje, kreativitet og innsats. Vi gler oss over, og takkar for Guds rike signing over oss! I Fil.1,6 står det: *"og eg er fullt viss på dette at han som tok til med ei god gjerning i dykk, vil fullføra henne heilt fram til Jesu kristi dag."*

Så vil vi minnast den som gjekk bort sist år:

Oskar Træland

Nedre Skodvin 15.02.16. Brita Bogevik

*Brita Bogevik*  
*Godkjent av innvald 03.03.16*